

# Oppslukande Hovland

Jo visst! *Stille natt* har alle ingrediensane ein ekte Ragnar Hovland-roman skal ha!

## ROMAN

RAGNAR HOVLAND:

### Stille natt

SAMLAGET 2011

Her er det litt road-movie med brennevin og hor, litt amerikansk B-film, fantastiske innslag midt i realismen, gode og dårlege ordspel (det siste seier hovudpersonen sjølv frå om), vink til tidlegare Hovland-bøker, parodiering av særdrag i norsk litterært liv, slenrande skrivelst, mykje humor og komikk, sær melankoli, store kjensler haldne tilbake eller i sjakk av ein kvikk replikk, ein god eller flau vits og ikkje minst: Vestland, Vestland! Sjølv den nyombygde Bislett stadion, ja heile Oslo sentrum, liknar på Vestlandet, skal vi tru eg-personen og forfattar-forteljaren i boka.

Hovland har ein svær produksjon bak seg, og eg har ikkje nådd med alle bøkene hans i ulike sjangrar. Men eitt er sikkert: Ein betre roman av Hovland enn *Stille natt* har eg ikkje lese. Idet ein er ferdig med boka, kjenner ein seg litt sviken av duoen Hovland/forfattar-eg-et i boka. Mykje får lesaren, og meir vil han ha.

Hovland har stålkontroll på verkemidla sine og veit når nok er nok. Å sette punktum på rett stad er ein kunst. Som forfattar av noko så sjeldan i norsk litteratur som komedieromanar veit Hovland dette betre enn dei fleste, og det gjeld både på mikro- og makronivå i teksten: Mora må ta slutt, så alvorlet kan bli ståande att framfor augo våre.

## FAMILIEROMAN


Dei tek til å bli eldre no, Hovland-heltane, men virile er dei framleis – og knular bokstavleg tala både i aust og vest, hardest i helters barndomsbygg på Vestlandet der han verkeleg kjenner det på pungen. For det er fleire

kvinner i eg-personens liv; det er eks-kona som forlét han utan at han heilt forstod og forstår grunnen, det er den unge forfatterdebutanten som elsker han for bøkene ho har lese, det er ei gamal studievennne han jamleg møter på eit hotellrom i Oslo, det er den sprengkåte Målfrid i barndomsbygda han leitar opp på ei av sine vestlandsferder, det er kvinna som berre finst i draumane hans. Men alt dette er berre bakteppet for noko langt viktigare tematisk sett.

*Stille natt* er framfor alt ein familieroman. Når ein er komen til skils år og alder, blir gjerne familien viktigare. Slik er det med hovudpersonen i *Stille natt* òg. Det er familieleyndomane han vil finne ut av. Særleg er han oppteken av kvifor ein yngre bror fekk psykisk samanbrot rett etter at han hadde drege frå barndomsheimen for å studere filosofi i Oslo. Sidan den tid har broren levd på uføretrygd, heilt på sida av samfunnet. Kvifor det er og har vorte slik, er hovudpersonen langt meir oppteken av enn sin eigen miserabile forfatterlagard. Sjølv lever han berre på «forstora dar», på inntekter frå antologiar der utdrag frå dei gamle bøkene hans er med, og på forfatterstipend medan alle ventar på at han skal skrive den store sjuoromanen som manglar i norsk litteratur. Som det nok aldri vert noko av...

## OSKELADDE OG TO BRØR TIL

Det er fem brør i familien, alle vaksne opp i Etterkrigs-Noreg. Dei to yngste høyrer vi ikkje om, anna enn at hovudpersonen merkjer seg to bleike portrett av dei kvar gong han kjem inn i entreen i pensjonistheimen der mora og den no døydande faren bur. Historia til «bror min», han som bryt saman, blir på eit vis rulla opp, og korleis det går, skal ikkje røpast her (anna enn at vi



Ein betre Hovland-roman enn *Stille natt* har eg ikkje lese.

kanskje har med ein solstads Bjørn Hansen-problematikk å gjere). «Nr. 3» er som forteljaren sjølv lett skadeskoten, men greier seg i grunnen også rimeleg bra sjølv om han har mista advokatlisensen og nysst er komen ut av fengsel. Truleg vender han og heim til kone og barn etter motorsykkelturane sine nord- og vestpå. «Han er ein slags teolog innanfor denne heilage rørsla, der mytar og fakta ikkje er så klart skilde frå kvarandre. Her er til dømes korleis han skriv om tilhøvet sitt til den aller heilagaste i rørsla, dei dreg på hyttetur saman og vitjar foreldra som på sine gamle dagar har flytta attende til Vestlandet etter at faren pensjonerte seg frå lærar- og predikantpraksisen sin ein stad på Austlandet der dei tydelegvis har budd nokre år, om lag frå den tida då det skar seg for den eine sonen.

Jo, dei hovlandske heltane vil finne heim att, utan av veiningstapet, forsonast – om det er noko å forsonast med, og om det i det heile er ein mogleg strategi. Og alt dette alvorlet og så mykje klokskap i ei morosam og oppslukande bok!

## OLE KARLSEN

Ole Karlsen er professor i nordisk litteraturvitenskap ved Høgskulen i Hedmark og fast bokmelder for Dag og Tid.



Alvor og klokskap i ei morosam og oppslukande bok, skriv Ole Karlsen om *Stille natt* av Ragnar Hovland. Foto: Herborg Pedersen

# Vågal helger

Thor Viksveen, røynd journalist og redaktør med lands Avis m.m., har gjeve ut ei bok om Jens Stoltenberg i live og har makt. Slike bøker burde helst vore sl

## BIOGRAFI

THOR VIKSVEEN:

### Jens Stoltenberg. Et portrett

PAX FORLAG 2011

For oss som står utanfor arbeidarrørsla, er i alle høve denne boka merkelege greier å lesa. Eg er usikker på kva for sjanger boka skal klassifiserast innanfor. Er det kan henda ei ungdomsbok av det slaget som for seksti-sytti år sidan skulle gje ungdommen sunne førebilete? Men kva for ungdommar er det som i dag vil bruka tid på slike bøker? Ja, med unnatak for karrieristiske AUF-arar?

Nei, eg trur helst eg må ty til religiøse kategoriar: Vi veit alle at Arbeidarpartiet ikkje er ein sundagsskule, men likevel har klare likskapar med religiøse rørsler. Så den sjangeren eg har hamna på, er hagiografi, ei skildring av livet til ein heilag mann eller kvinne. Viksveen sjølv er openbert ein slags teolog innanfor denne heilage rørsla, der mytar og fakta ikkje er så klart skilde frå kvarandre. Her er til dømes korleis han skriv om tilhøvet sitt

til den aller heilagaste i rørsla, Einar Gerhardsen: «Denne forfatteren er vokst opp et par blokker nedefor Gerhardsen-familiens svært upretensjose blokkleilighet uten heis i Sofienbergatjen 61.» Ikkje at eg meiner Gerhardsen levde i luksus, men «svært upre-

tensjøst» er vel ikkje treffande for ein bustad med seks rom på 145 kvadratmeter, den største bustaden på Sofienberg?

## SUNDAGSSKULE

Viksveens hagiografi om den nye helgenen, Stoltenberg, er tredelt: Først gjev han eit portrett av Stoltenberg slik han er i dag, der alle dei gode karaktertrekka hans vert presenterte: «Han bevarer den mentale roen uansett hva som skjer. Han lar seg ikke distrahere, men holder ekstremt fokus på det som er oppgaven her og nå. Han har en eksepsjonell evne til å nullstille seg. Han har et grunnleggende godt humor. Han utstråler trivsel i rollen. Han oppfører seg alltid ordentlig og vennlig overfor omgivelsene.»

Så kan henda er han likevel ein sundagsskulegut? Men nei, ein helgen er og eit menneske, og Stoltenberg har nokre få dårlege trekk: «Han ender noen ganger som enøyet nerdetse, og han er ikke alltid god til å håndtere mennesker i kritiske situasjoner.»

Men her har hagiografen eit uslåeleg mottrekk: Den siste delen av boka handlar om Stoltenberg og 22. juli. Ofølgje Viksveen vert då dei eigenlege helgensidene ved han avdekte. Desse kastar eit klårgjerande lys bakover i tida som bør få kritikarane til å bita ord i seg: «Med 22. juli i bakspeilet er det trolig at både hun og andre som har hev-

# Musikk som

Denne boka kan gje både musikk- og litteraturinte

## SAKPROSA

PER DAHL:

### Verkanalysen som fortolkningsarena

UNIPUB 2011

Trass i den litt keisame tittelen er dette ei bok for alle som interesserer seg for å finne ein inngang til å tolke musikk systematisk. Ikkje berre dét, boka gjer krysspellingar til andre kunstarter, især litteraturvitenskapen; somt som er sagt, er òg gyldig for bildande kunst, film og andre område der vi lenge har diskutert kva eit (kunst-)verk er, kva eigenskapar det har, koss det står til livsverket til kunstnaren og nærskylde emne.

Seinaste tretti-forti år har vi sett ein parade av bøker om verk-omgrepet i litteraturen, men Per Dahl kan ikkje samanliknast med desse. For det fyrste er han ikkje keisamt og plundersamt overrørbødig overfor verka han drøftar.

For det andre lagar han orden i tankane ved å ta feste i ein modell med tre partar: det komponerte verket og komponistens arbeid; framføringa til utøvarane og deira tilhøve til omgjevnadene; opplevinga til lydarane. Alle desse felta har sine egne arenaer, som gjev ulike tolkningsrammer.

## TILBEDING OG TILGJEVING

Særleg gjer utforminga av arenaene, og dynamikken der, seg gjeldande når ein tek for seg tilhøvet mellom musikk og språk, så som i dei fem døma som er særskilt analyserte. Ikkje minst får vi interessante refleksjonar om samvirket mellom ikkje-språkleg åtgåing og språkleg uttrykt oppleving. Det er Johannes Brahms' *Ein deutsches Requiem*, der gravferdsritualet gjev ein tilgængsmåte for koss publikum lever med i verket; Igor Stravinskij's *Pater Noster*, der vi møter ein modell for koss teologisk tolking møter melodisk/motivmes-

# Idyrking

bakgrunn i Arbeiderbladet, NRK, NTB og Rogalstenberg. Det er vågalt så lenge mannen både er rivne av Woodward og Bernstein.

## BIOGRAFI

THOR VIKSVEEN:

### Jens Stoltenberg. Et portrett

PAX FORLAG 2011

det det samme, erkjenner at kritikken må nyanseres.» Sjølv om spegelmetaforane vert noko forvirrande, kan vi seia med Paulus: Den gong såg vi det i ein spegel, i ei gåte, men no ser vi Stoltenberg andlet til andlet.

Vi ikkje-truande har likevel lett for å stira oss blinde i ikkje-solidarisk, liberalistisk sjølvspesling: Eg fekk ikkje auga på at Stoltenberg gjorde noko meir enn det kvar ein statsminister ville og skulle gjort der og då. Nokon stor talar har han aldri vore, og når det gjeld å uttrykka kjensler, er Sonen som ein trestokk, samanlikna med Faderen (Torvald). Korleis kunne han ha vorte omskapt til ein «statsmann», som Viksveen og andre Ap-folk seier, anna enn gjennom eit mirake? «Statsmanns»-omgrepet er dessutan like uklårt og udemokratisk som «helgen». Ettersom Stoltenberg har noko Peter Pan-aktig over seg, medan statsmenn gjerne er eldre, kan han i høgda gjera krav på å ha vorte ein «statsgut».

## VESTKANTARVEN


Middelen i boka ser dessutan ut til å ha vore skriven før Viksveen sjølv fekk oppna augo sine. I denne gjev han ein kronologisk biografi der handlingar og hendingar talar bra for seg sjølv, slik at det helgenaktige ikkje ein-tydig trer fram. Korleis kom han til makta? På same vis som i India

eller i Pakistan, gjennom familierelasjonar: Dei to vestkantfamili-ane, Harlem og Stoltenberg, tok over etter austkantfamilien Gerhardsen og gav makta til guten sin. Jau, Viksveen er ikkje framand for at overnaturlige krefter og har gripe inn. Hadde han ikkje vorte vald til nestleiar i AUF... Men det vart han, og etter det hadde familiane bra kontroll. Rett nok: Hadde han vorte dregen inn i medlemsjukstet i AUF som gjekk føre seg medan han var leiar...

Men han hadde fått eit guddomleg teflonvern. Dinest måtte han slast med Jagland, men denne motstandaren skaut seg sjølv i foten. Tilfeldig? Neppe. Til slutt var det berre ein slange att, nemlig Valla, som herja fælt med han. Men då greip dei gode kreftene inn igjen. Eit av dei andre sjarmtrolla, Ingunn Yssen, ofra seg for Jens. Her kunne vi utanfor rørsla tru at dette var registrert av Jens sjølv, men som Viksveen truskkuldig seier: «Det foreligger ingen dokumentasjon for en slik påstand.» Så det var nok berre tilfeldig, og slett ikkje «neppe».

## USÅRLEGGJORD

Etter dette, og etter 22. juli, har Stoltenberg vorte usårleg. Viksveen reknar med at han vil regjere til evig tid. Men etter kva for ideologi? Den kunne opphav-tydig presenterast i ei bok på berre éi side: I første statsminister-



Stoltenberg har noko Peter Pan-aktig over seg og kan i høgda gjera krav på å ha vorte ein «statsgut».

periode ville han følgja New Labour og modernisera det offentlege. Men så skjona han at dette ikkje er mogleg i eit parti der Jan Davidsen har ei hand på rattet. Etter det kan ideologien hans uttrykkjast i Gro-stil («Stø kurs») med seks ord: «Stein på stein. Dag for dag.»

Dusteforbundet kunne nok ha laga ein bra føljetong av boka, på same vis som dei i si tid alltid trykte leiarane i Viksveens gamle avis, Arbeiderbladet. Men dét forbundet er nedlagt. Eller har det teke over landet?

## ARILD PEDERSEN

Arild Pedersen er professor i filosofi ved Universitetet i Oslo.




Dahl er ikkje keisamt og plundersamt overrørbødig overfor verka han drøftar.

## Forfatteren

I denne spalta stiller vi store spørsmål om dei største.

# Fernando Pessoa: Kva ville han med livet?

FERNANDO PESSOA (1888–1935). Portugisisk diktar, fødd i Lisboa og levde mesteparten av sitt vaksne liv i denne byen, men budde i Durban i Sør-Afrika frå han var åtte til han var sytten, og gjekk på skulen der. Han er mest kjend for dikta sine, men gav ut berre ei einaste samling medan han levde, nemleg *Mensagem*, som tyder bodskap og som kom ut året før han døydde. Men han etterlét seg 27.000 sider med poesi, skodespel og prosa som vart publiserte frå tida rett etter krigen og heilt opp til våre dagar.



Fernando Pessoa, 1914. Foto: Victoriano Braga

Kva var den viktigaste boka hans?

Kan hende romanen *O Livro do Desassossego*, «Boka til den urolege», skriven under psevdonymet Bernardo Soares. Han handlar om ein rekneskapsassistent i Lisboa og hans rotlause og anonyme vandringar gjennom ein storby, som med sin rastause puls, si klemtande spurvogn, sine skuggar og vikande konturar vert eit spegelbilette av det moderne mennesket. Rekneskapsassistenten er eit menneske med mange identiteter, som evnar å elske lagnaden sin, trikketurane sine og livets monotoni.

## Kva meinte han om samtida?

Han trudde på ei fornying av det åndelege livet og drøymde om ein portugisisk revolusjon der den avlidne kongen Sebastian, som fall i 1578, skulle kome attende og grunnleggje eit rike bygd på poesi, glede, barn og ei ny samkjensle mellom menneska. Kva han meinte om den portugisiske fascisismen, er noko uklårt, men han var ingen politisk revolusjonær.

## Kva innverknad fekk han på ettertida?

Langt på veg vart han modernismens herold, ikkje minst gjennom skildringa si av menneske som vert framande for seg sjølv, og gjennom den fornyande, eksperimenterande poetiske formvare si. Pessoa har hatt ein enorm innverknad på portugisisk lyrikk, og skildringa hans av opplysinga til identiteten, også uttrykt gjennom bruken av ei rekke markerte psevdonym, klargjorde ei oppfatning av diktinga som eit leikande og hildrande rollespel. Dessutan var han ein stor humorist, og mange av dikta hans vart folkelege på same vis som portvinskafearne hans er vortne pilegrimsstader for tilhengjarane hans.

## Trudde han på Gud?

Han trudde på ein høgre skapnad, og ein lagnad som var skissa opp på førehand, men han var ikkje truande i kristen mening.

## Kva ville han med livet?

Finne ein augneblink i kvardagen som skilde seg ut med ein intensitet som gjorde augneblinken heilag.

## Typisk sitat?

«Om eg hadde hatt verda i den hole handa mi, ville eg ha bytt ho, det veit eg, mot ein trikkbillett til Rua dos Douroadores.»

skreiv dikt som at «alle kjærleiksbrev er lättelege» eller om «morgonen som stig opp i Lisboa er like evig som alle morgnar», eller når han dikta sitt vedunderlege poem om «fridom». Sjølv om det ligg ein sår undertone i alt han skriv, ligg lætten alltid på lur. Han er som Vinje og ser verkeleg retta og ranga på livsens vev.

## Var han eit godt menneske?

Ja, eg trur det. Han sette mor si over alt og elska ein gong også ei jente som var tolv år yngre, men i eigenskap av portvinsdrankar og eigedomslaus kafétrækkar ville han ikkje øydeleggje livet hennar. Han var i høg grad sine veners ven og ein trufast hjelper for tantene, nevøane og niesene sine.

## Kven var han i strid med?

Som tilhengjar av eit skilje mellom kyrkje og stat og som republikanar låg han i avisdebatt med monarkistar og klerikale og var ikkje lett å få tak på. Han meinte elles at bankfolka øydela heile finansvesenet og skreiv ein humoristisk roman, *Om banqueiro anarquista*, «Den anarkistiske bankieren», som alle finansfolk i dag bør lese.

## Trudde han på Gud?

Han trudde på ein høgre skapnad, og ein lagnad som var skissa opp på førehand, men han var ikkje truande i kristen mening.

## Kva ville han med livet?

Finne ein augneblink i kvardagen som skilde seg ut med ein intensitet som gjorde augneblinken heilag.

## Typisk sitat?

«Om eg hadde hatt verda i den hole handa mi, ville eg ha bytt ho, det veit eg, mot ein trikkbillett til Rua dos Douroadores.»

## KARSTEN ALNÆS

Karsten Alnæs er forfatter.

## Var han lukkeleg?

Han må ha vore det når han